

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Per-Arne Christensen	Arkiv:	K1-150
Arkivsaksnr:	24/3255 24/21199		

Langsiktig drifts- og investeringsstrategi for Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	19.09.2024	078/24
Kommunestyret	03.10.2024	070/24

Kommunedirektøren sin innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtak å legge langsiktig drifts- og investeringsstrategi til grunn for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanprosessane i åra framover.
2. Konkrete tiltak og prioriteringar vert gjort av kommunestyret i budsjett- og økonomiplanprosessen eller i egne saker.

19.09.2024 Formannskapet

Kommunedirektør og kommunalsjef Sæhaug orienterte.
Runde med spørsmål og kommentarar.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

- F078/24 **Vedtak:**

1. Sula kommunestyre vedtek å legge langsiktig drifts- og investeringsstrategi til grunn for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanprosessane i åra framover.
2. Konkrete tiltak og prioriteringar vert gjort av kommunestyret i budsjett- og økonomiplanprosessen eller i egne saker.

Bakgrunn for saka:

Ein føresetnad for å sikre gode tenester til Sula kommune sine innbyggjarar i framtida er at vi forvaltar økonomien vår slik at den økonomiske handlevna vert ivarettatt over tid. Til dette arbeidet treng vi eit verktøy for å kunne prioritere mellom gode føremål som skal bidra til berekraftige utvikling. Langsiktig drifts- og investeringsstrategi er eit slikt verktøy. Årsbudsjettet ser eit år fram i tid, og økonomiplanen ser fire år fram i tid. Dette er for kort med tanke på at mange av dei vedtaka som blir gjort i ein 4-årsperiode påverkar økonomien i kommunen på lang sikt. F.eks. vil låneopptak til eit nytt bygg påverke økonomien framover i 40 år i form av renter og avdrag. Langsiktig drifts- og investeringsstrategi har ein horisont på 16 år og dei første åra i strategien dannar grunnlag for den fireårige økonomiplanen.

Ein Langsiktig drifts- og investeringsstrategi dannar eit viktig utgangspunkt for planlegging og prioritering av kommunen sine satsingar og ressursbruk.

Saksopplysningar:

Arbeidet med ein langsiktig drifts- og investeringsstrategi starta i 2022. I 2023 var formannskapet involvert i form av arbeidsmøte, samt behandling av saka «Langsiktig drifts- og investeringsplan (LDIP)». Den ble behandla av formannskapet 06.06.23 (F-sak 33/23) og av kommunestyret 15.06.23 (K-sak 40/23). Det var ein foreløpig versjon av strategien som da blei behandla. Denne versjonen har blitt brukt som utgangspunkt for det vidare arbeidet.

Den langsiktige drifts- og investeringsstrategien inneheld 5 deler:

- DEL 1: Finansielle måltal og handlingsreglar. Denne delen inneheld også ei beskriving av den økonomiske situasjonen til Sula kommune .
- DEL 2: Korleis omstille til ein berekraftig økonomi: Analyser syner eit krevjande utfordringsbilde i åra som kjem. I denne delen blir det blant anna belyst kva for parallelle grep som vert foreslått for å sikre berekraftige tenester innanfor ein berekraftig økonomi.
- DEL 3: Satsingsområde for drift: Her blir tre kategoriar av driftstiltak omtalt. Det eine er effektivisering av drifta som følgje av investeringstiltak. Det andre er effektivisering av drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats. Det tredje er tiltak for fortløpande kostnadsutt. Ei nærmare konkretisering av tiltak vil inngå som ein del av budsjett- og økonomiplan.
- DEL 4: Tiltaksplan for investering: Tiltaksplanen viser kva for prosjekter som blir foreslått dei komande åra. Dei første fire åra vil danne grunnlag for forslag i økonomiplanen for 2025-2028.
- DEL 5: Økonomisk utvikling: Basert på føreslegne tiltak er det utarbeida ei simulering av den økonomiske utviklinga.

Kommunestyret nedsette i møte 08.02.24, jf K-sak 004/24, eit mellombels utval for «Eigedomstrategi og langsiktig drifts- og investeringsstrategi (ELDIS). Mandatet var

bl.a. at utvalet skal følge prosessen knytt til arbeidet med strategien og gi sine innspel undervegs.

Utvalet har hatt 4 møter. Desse har blitt gjennomført med informasjon og drøfting i gruppe og plenum. Sentrale punkt som har blitt diskutert var:

- Føremålet med langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
- Samfunnstrender og utfordringsbilde.
- Kva som skal til for å utvikle attraktive bustadområde, oppvekstområde og sentrumsområde.
- Kva tenester om tilbod som må finnast i eit område for å skape gode og naturlege møteplassar.
- Kva for bygg / tenester Sula kommune kan ha ulike delar av kommunen.
- Korleis kan eigedomsstrategien vere ei rettesnor for ønska samfunns- og tenesteutvikling.
- Økonomisk utfordringsbilde i langsiktig perspektiv. Bl.a. er det viktig å simulere økonomien og prioritere investeringar som gir innsparingar i drift.
- Eigedomsskatt: Nivå på eigedomsskatt er eit naturleg tema når kommunen sine inntekter blir diskutert.
- Eit av forslaga i tiltaksplan for investering er ny barnehage. I møtet blei det kommentert at kostnad med privat drift av barnehage kontra kommunal drift må bli belyst. Vedlagte dokument "Kartlegging av barnehagebehov for Sula kommune 2024-2034" belyser dette temaet.
- Eigedomar og tomter som vi ikkje har behov for, bør bli seld. Dette vil bli fylgt opp i eigne saker.
- Utvalet syntest strategien var eit godt utgangspunkt for vidare behandling.

Diskusjonane i det mellombelse utvalet, har blitt oppsummert etter kvart møte. Administrasjonen har nytta dette i arbeidet til å vidareutvikle dokumentet og ikkje minst kunne belyse fleire perspektiv.

Det er kommunedirektør si innstilling som no ligg klar til endeleg politisk behandling.

Vurdering:

Økonomiske og administrative konsekvensar

Strategien i seg sjølv fører ikkje til økonomiske og administrative konsekvensar. Forslag til tiltak og satsingar av større økonomisk størrelse eller omfang, vil bli omtalt særskilt i budsjett- og økonomiplanen, og krev såleis politisk godkjenning. Andre mindre tiltak og satsingar som kommunen meiner vil understøtte strategien, vil bli dekt av eksisterande vedtekne budsjetttrammer.

Tittel	Dok.ID
Langsiktig drifts- og investeringstrategi	736842
Vedlegg 1- Samla notat frå kommunalområda	736843
Vedlegg 2 - Kartlegging av barnehagebehov 2024-2034	736844